



Aktivitetshuset må bli fullført før 1. desember, ellers mistar dei tippemidlane. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Under møtet i SKL i Matre torsdag sa politikarane i formannskapet utan debatt samrøystes ja til søknaden frå Uskedalen Aktivitetshus om garanti for eit lån på 300.000 kroner i Sparebank 1 Kvinnherad.

Lånet er naudsynt for å slutføre arbeidet med "storstova" i bygda og saka skal vidare til kommunestyret som vil handsama ho 25. september, Slutføringa av huset må skje før 1. desember og vil så utløyse tippemidlane som kommunen har forskottert.

Rådmannen vil i løpet av hausten fremja ei sak om idrett/kultur-anlegg og prinsipp og praksis kring forskottering, tilskot og garantiar. Men då Uskedalen-saka nå hastar måtte den handsamast før den prinsipielle gjennomgangen, skreiv rådmannen i saksutgreiinga. Han opplyste at kommunen allereie har garantert for eit lån på 1.200.000 til Aktivitetshuset og at det no står att 974.167 kroner på dette lånet. Rådmannen rådde til at garantien vart gjeve og peika på at viss huset ikkje blir ferdigstilt før 1. desember vil ein ikkje få tippemidlar og kommunen ikkje få refundert dei forskotterte midlane.

Uskedalen Aktivitetshus søkte allereie 15. mai om kommunal garanti for låneauken. Vidar Haugland har på vegne av styret konstatert i ein skritleg orientering til kreditorane med kopi til kommunen at prosessen med å få kommunegaranti har gått langsamt, men at dei no ser lys i tunnelen. Han bygde då på ei uttale frå økonomiavdelinga i kommunen om at saka ville koma opp i formannskapet torsdag og i kommunestyret i slutten av månaden. - Eg håpar og trur at saka får eit positivt utfall i formannskapet og kommunestyret slik at alle ubetalte rekningar kan verta betalte i slutten av september, skreiv Haugland.

Etter at det økonomiske er ordna er det naudsynt med ein ytterlegare dugnadsinnsats for å fullføra huset. Arbeidet har vorte forseinka på grunn av sein sakshandsaming i kommunen, Uskedalen Idrettslag har etter kva uskedalen.no erfarer midlertidig teke på seg ansvaret for dugnadsarbeidet etter at garantien er klarert. Organiseringa av dette vil skje så snart handsaminga i kommunestyret er unnagjort

og då vil alle som kan bli oppmoda om å ta eit tak..

Av Ola Matti Mathisen



Det blir ein hektisk innspurt med Aktivitetshuset - 1. desember er siste frist. (Foto: Ola Matti Mathisen)